



Når heile livet har handla om sjøen og fjorden, er det vanskeleg å gje slepp. Tor Johannes Bjørgaas er ein av dei som held liv i det som høyrer fortida til.

Det yrte av liv langs fjorden Så snudde ei ny oppfinn

For ikkje mange tiår sidan var den 27 kilometer lange Osterfjorden ei pulserande åre i Nordhordland.

Siv K. Berg

Vatnet batt oss saman.

Rutebåtane tråkla seg gjennom fjorden og sytte for at småstadene kunne vere sjølvfor-synte med butikk, post og meieri.

Men eit nytt transportmiddel skulle snu alt på hovudet, og med det blei også livet langs Osterfjorden endra.

– Kor eg saknar sjøen og Osterfjorden, seier Agnar Hjellvik (96) vemodig.

Nærleiken til havet

96-åringen vert lengtande i auga når han snakkar om sjøen og fjorden. Han er fødd og oppvaksen på Hjellvik, heilt i vasskanten på Osterøy.

No bur han i leilegheit på Osterøytunet på Hauge, utan lukta av tang og tare, utan synet av bølgeskvulp og Lindås-delen av Nordhordland.

I Hjellvik er fjorden er ein del av sjela til

bygdefolket. Du kan ta mannen ut av bygda og bort frå fjorden, men du kan ikkje ta bygda og fjorden ut av mannen.

– Sjølivet har vore viktig i vår oppvekst og kultur. Me har aldri greidd å frigjere oss frå tanken om sjøen. Den har me med oss heile tida.

Agnar hostar forsiktig, tvinnar tomlane.

– No som eg bur her på Hauge, så saknar eg verkeleg sjøen og fjorden. Det er nesten vondt å tenke på at ein skal vere skild frå havet.

Kor mange bila? spør du meg.

Dar fanst kje ein å høyre.

Dessutan va dar ingjen veg

dar bilar kudne køyra.

Frå Børtveit og te Hjellvik ned,

dar kjørde dei mæ hest.

Men skudle dei til kjørkjefred,

til brydløp edle fest?

Då laut dei nok ta sko på fot,

Ell' segla, ro i båt.

Agnar Hjellvik, Da va ein gong.

På Hjellvik, slik som mange andre bygder langs Osterfjorden, var sjøen det viktige. Det var ved kaien det skjedde:

Det var der bygdefolket samla seg, det var der butikken, meieri og posten var, og det var frå kaia ein reiste vidare til nærliggande

stader, som Hjelmås i Nordhordland.

Det var også der Agnar møtte kona si, Anna Maria.

– Ho blei med meg over fjorden, og vi busette oss på Hjellvik saman, fortel Agnar medan ansiktet lyser opp.

65 år seinare er dei framleis gift.

Liv i bygdene

Sjøen var ikkje eit hinder for samband i gamle dagar. Med båt som framkomstmiddel var samfunnet bygd opp annleis enn i dag.

Det ser ein mellom anna på kommunane Hosanger og Hamre, som fram til 1960-talet bestod dels av Lindås og dels av Osterøy.

Historikar Geir Kleiveland fortel i Oster-podkassen til Bygdanytt om korleis livet var i bygdene før bilen kom.

Folk hadde det dei trengte, og i bygder kunne ein finne butikkar, telefonstasjonar, meieri og postkontor.

At poststadene låg langs fjorden, skuldast dampskipstrafikken, skriv Anna Østerbø Kåstad i «Osterøy i søge og samtid, sokeskrift for Osterøy» frå 1996.

Lokale senter blomstra takka vere skipstrafikken, og bygdene var levedyktige så lenge dampen gjekk.

Hamre kyrkje på Osterøy står att som eit levande bevis på korleis fjorden knytte



Foto: Siv K. Berg



Søndag 15. juli 1978 var det avskjedstur i Osterfjorden for Bruvik, som gjekk som rutebåt. Mange hadde møtt fram for å få med seg avskjedsturen. Bilete er frå Tysse ferjekai. Foto: Privat



I oppveksten var Agnar og dei andre barna mykje på kaien, der det var både butikk og meieri. Foto: Privat



Agnar og Anna Maria gifta seg 1. august 1953. Foto: Privat

erden. ning opp-ned på alt.

bygdene saman på ein måte som i dag kanskje ser unaturleg ut.

Alt i 1024 vart det bestemt at Hamre skulle vere hovudkyrkja for Nordhordland.

– Før i tida, når folk i Bergen hadde gjort noko skikkeleg gale, blei dei sendt til soknepresten på Hamre for å få kjeft. Slik er det diverre ikkje i dag, ler fungerande sokneprest i Hosanger og Hamre sokneråd, Helle Maria Wolstad.

Kyrkja var ein svært viktig stad, og kvar søndag rodde folket langs og over både Sørfjorden og Osterfjorden - til Hamre - for å høyre Guds ord.

Der alt skjedde

– Som gutunge var det litt prestisje å bli kjend med namna på båtane. Hadde ein auge for å sjå kva båt det var, ja, då var ein fagmann på området, ler Tor Johannes Bjørgeas, som i vaksen alder skulle få jobb til sjøs.

Far til Tor Johannes var politimann, først som lensmannsbetjent, etter kvart lensmannsfullmektig i lensmannsetaten Bruvik.

I 1944 vart han arbeidslaus. Nazistane avsette nemleg mange i politietaten og andre etatar, folk dei meinte ikkje hadde den rette politiske oppfatninga.

– Då freden kom, vart faren min beden om å ta over etter ein nazi-lensmann i Hosanger

og Modalen, og han vart fast tilsett i same stillinga i 1946.

Dette året flytta de. Mora, Tor Johannes og dei to søstrene hans flytta frå Vaksdal og til Osterfjorden. Frå 1948, då Tor Johannes var fire år gamal, vart familien buande på Ostereidet. Sidan har han blitt verande.

– Ein finn jo ikkje ei finare stad enn dette, med utsikt til fjorden og Osterøy, fastslår 74-åringen og ser ut vindaug.

Huset ligg like ved kaia på Ostereidet. Frå heimen hadde han i oppveksten full oversikt over kva som skjedde.

For det var der det skjedde, på kaien.

– Ostereidet er jo ei lita bygd langt inne i Osterfjorden. Då eg vaks opp var det berre kommunikasjon via sjøvegen, forklarr han.

Sånn sett var det ei stille og isolert bygd, fram til båtane kom innom på sine faste stopp og det plutsleg blei liv og leven.

Trengde ein legehjelp, var næraste lege over fjorden - på Osterøy.

– Eg hugsar det var litt spennande å følgje med når legen reiste frå Osterøy, å sjå kor han drog, mimrar Tor Johannes.

Den pulserande åra

Åtte år etter at Tor Johannes blei fødd, kom Jon Arne Hopsdal til verda.


I dag bur han på Leknes i Lindås og er leiar



for sogelaget. Med mor frå Angelskår og farmor frå Bysheim har Osterfjorden vore ein del av livet til 66-åringen.

– Det var stas og spennande med ein bytur med «dampen» i 50- og 60-åra, fortel Jon Arne, og skildrar den store aktiviteten i Vågen og dei framande luktene og lydane i «bydn».

Jon Arne Hopsdal hugsar godt korleis bilen endra bygdesamfunna i Nordhordland. Foto: Siv K. Berg



Tor Johannes følte han flytta frå sentrum til utkanten av bygda då trafikken gjekk frå sjøen og over til vegen.

Foto: Siv K. Berg



Agnar Hjellvik saknar sjøen og fjorden. No som han bur på Hauge har han ikkje lenger utsikt til Osterfjorden.

Foto: Siv K. Berg



Barneflokk i Hjellvik-bygda med barndomsheimen til Agnar i bakgrunnen.

Foto: Privat



D/S Oster på Byfjorden i 1963. Takka vere eldsj

Kaffikverna som snurra rundt, og rundt og varevognene med dei store hjula som bråka då dei rulla over brusteinane på Bryggen.

Takka vere rutebåtane kom dei seg frå Leknes til Bergen på om lag ein time og førtifem minutt. No høyrast det kanskje tidkrevjande ut, men det var no slik ein kom seg fram på den tida.

– På båtturen til Bergen var det ofte kyr og okse som skulle ein snartur oppom slaktehuset i Sandviken. Båtturen var lang, og dyra måtte skite. Og skiten skvatt opp etter Martens sine brødkasser, som var på retur til bakaren for å bli fylt på nytt, humrar han.

Jon Arne hugsar framleis det store folkelivet på kaien på Leiknes då «Dampen» kom. Der møttest bygdefolket for å prate, og Olga i posten henta postsekken på dampen, før ho gjekk i posthuset for å sortere breva.

Men noko nytt var i emning, og snart skulle dampen få ein kraftfull utfordrar.

Bilen var på veg

Ifølgje Det store norske leksikon blei det i 1890-1910 grunnlagt ei rekkje bilfabrikkar, men det var enno ikkje snakk om noko masseproduksjon.

Nokre tiår seinare fekk Agnar Hjellvik sjå ein lastebil på Hjellvik for aller første gong.

– Det var ein søndag, seier han, og ler idet

han skal fortelje om den spesielle dagen.

– Alle ungane hadde samla seg og vi fekk lov til å sitte på. Det var svære greier, og eg hugsar eg stod heilt framme på lasteplanet. Det var berre heilt fantastisk, seier han og smiler.

Det var på byrjinga av 30-talet. Lite visste han som gutunge at dette transportmiddelet skulle endre både Hjellvik og dei andre bygdene enormt.

Men det var først fleire tiår seinare.

Før det skjedde var det fiskeri og gardsarbeid innbyggjarane fekk pengar og mat frå. Dei blei aldri rike, men Agnar fortel om ein god og fin oppvekst.

Dugnaden stod sterkt i bygda, noko Agnar er stolt over den dag i dag.

Sjøen har alltid vore ein viktig del for Agnar og Hjellvik-bygda. Skulle ein til andre stader, var det fjellvegen eller sjøvegen ein tok i bruk. Og dampbåten, den gjekk trufast i Osterfjorden.

– Dampskipet var eit viktig kommunikasjonsmiddel. Båt generelt var viktig for oss, seier 96-åringen, og fortel om minna frå då legen var stasjonert på Valestrand på Osterøy.

Han trekk på smilebandet idet han fortel om då legen kom til Hjellvik for å trekke tenner på folk ved kaien. Sjølv slapp han heldigvis unna den smerten.

– Slik var det før, legen drog rundt heile Osterøy og til andre sida i båt. Det var berre vegar mellom gardane der det var nødvendig.

På andre sida av fjorden var ikkje Jon Arne Hopsdal like heldig då dei reiste til Bergen for å gå til tannlegen Hamre kommune hadde avtale med.

– Slik eg minnast var han noko hardhendt. Var det for mange hol i ei tann, brukte han ikkje tid på boring og fylling. Tanna vart trekt rett ut, seier Jon Arne, som sjølv manglar tre tenner.

Bygda blir endra

Bilindustrien utvikla seg, men etter andre verdskrig måtte ein bygge opp at Noreg.

Bilen blei sett på som luksus, og på grunn av rasjonering fekk ikkje kven som helst kjøpe seg bil i Noreg. Fram til oktober 1960, då rasjoneringsordninga blei slutt på.

– Det forandra lokalsamfunnet ganske drastisk i løpet av faktisk berre ein, to, kanskje tre-fire år. På 1960-70- og kanskje 1980-talet forsvinn mange av dei funksjonane ein hadde i nærmiljøet, fortel Geir Kleiveland i Osterpodkassen.

For med bilane kom også vegane, og med nye vegar var det ikkje lenger behov for å ta sjøvegen.

Sakte, men sikkert var det ikkje fjordane



eller er Oster tilbake att i Osterfjorden.

Foto: Privat

som knytte folk saman, men vegane og bilen. Butikkar og postkontor blei lagt ned og samla på større stader.

- Me flytta frå sentrum av bygda og til utkanten. Om det kom ein bil eller folk på kaien, var det nesten sånn at eg lurte på om noko var på ferde, fortel Tor Johannes.
- *Blei du uroa for korleis det skulle bli når butikken og posten ble lagt ned og båtruta forsvann?*
- Nei, i grunn ikkje. Eg hadde mitt yrke til sjøs, og var berre heime på ferie. Så eg brukte ikkje mykje tid på å spekulere i korleis det skulle ende.

Heller ikkje Jon Arne let seg uroa over kva som var i ferd med å skje med bygdesamfunnet då bilen tok over. Riktig nok forsvann nokre arbeidsplassar, men gevinsten frå bilen var stor.

- Då vegen kom var det mogeleg å byggje hus på Leiknes og vidare innover Osterfjorden også, og dagpendle til Bergen for arbeid. Fleire bustadfelt er no etablert. Utan E39 hadde det vore stagnasjon for bygdene på nordsida, fortel han.

Bilen gav også til eit enklare liv for dei fleste.

- Nokre vil vel protestere og snakka om forureining, men det vel ikkje mange frå nordsida av Osterfjorden som heller ville rodd eit sjukt eller skadd barn til lege på Valestrand

eller i Salhus, spør han.

Held på det gamle

Sjølv om den teknologiske utviklinga galopperar framover og samfunnet til stadigheit forandrar seg, er det ikkje alle som let fortida forsvinne frå oss.

- På Hamre blir det i august i år ei festgudsteneste, der gjestane atter ein gong tek sjøvegen for å kome til kyrkja - slik som i gamle dagar.
- Det blir veldig spennande. Veteranbåtar kjem frå vågen, og det blir hornorkester og servering på kaien, fortel fungerande sokneprest Helle Maria Wolstad.
- *Korleis er det å ha gudsteneste i ei kyrkje med ei slik historie?*
- Det er stas å få ha gudsteneste ein stad der du veit dei har samla seg og feira i snart tusen år, å døype barn i ein døypefont frå 1200-talet og tenkje på alle som har blitt døypt der, smilar ho og held fram:
- Det er ei perle. Ein skjult skatt me får jobbe i.

Heller ikkje Tor Johannes let fortida få forsvinne heilt, trass i at han som ung fekk beskjed frå faren sin at han ikkje måtte vere så interessert i desse damplokomotiva. Det hørde fortida til, sa faren.

Han hadde kanskje rett i det, men Tor Johannes hørte ikkje på kva faren sa den gongen.

Og godt er det kanskje, no som dampskipet Oster spreier glede og historie på sine mange ferder.

For takka vere nokre eldsjeler er nemleg DS Oster tilbake att i Osterfjorden, der den høyrer heime.

Sidan 1995 har Tor Johannes vore formann for Nordhordland veteranbåtlag.

- Dette har eg vore interessert i gjennom heile livet, seier han.

Han ser på alle bileta han har samla opp gjennom året av DS Oster.

- *Du har ingen planar om å gje deg?*
- Nei, eg kjem visst på attval som styreleiar kvart år, ler han.
- Men det er klart; for meg som har vakse opp her og med anløp av dampen som den einaste hendinga i kvardagen, så er det fint. Frå eg var smågut sprang eg ned på kaien for å følgje med. Eg har alltid vore interessert i dette, og er det framleis. For meg er det eit privilegium å få halda på med dette, smilar han.

Det er ingen tvil om at livet til dei som bur langs fjorden har vore gjennom ei enorm endring. Frå sjø og båt til veg og bil.

Ingen veit kva framtida vil bringe, men fjorden har i overskueleg framtid sett sine spor på samfunna og innbyggjarane.

*Dar kjem dampen,
gamle dampen
Tak på deg triskona å spring
Dar kjem dampen, gamle dampen
Dinge-dinge-dinge-
dinge-dinge-ding
Ragnvald Hammer,
Dar kjemp dampen*